

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Plan og forvaltningsutvalet

**Møtedato:** 24.09.2020

---

**Sak nr.:** 19/346-5

**Internt l.nr.** 23383/20

**Sak:** 35/20

**Tittel:** Saksprotokoll - 1. gongshandsaming - Detaljregulering Nornes Vest

**Handsaming:**

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

**Endringsframlegg:**

**Avrøysting:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Plan- og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljreguleringsplan for Nornes Vest ut til offentlig ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 med følgjande endringar:

1. Det skal setjast rekkefølgjekrav som sikrar ei trinnvis utbygging av bustadfeltet.
2. Det skal regulerast eit større leikeareal i tilknytning til o\_BLK1.
3. Det skal sikrast gangsamband mellom o\_SKV1 og o\_GT1.
4. o\_GT1 vert regulert til føremål gangveg.
5. Før 2. handsaming skal det utarbeidast tverrprofil for o\_SKV4 og o\_SKV5.
6. Føresegnene må spesifisere kva takform(ar) og takvinkel som er tillate innanfor byggjeområda.
7. Føresegnene skal legge til rette for gangsti i nord/sør-retning innanfor BK1.

8. Det vert sett føresegn som avgrensar storleik på garasjar til maksimalt 45 m<sup>2</sup> BRA innanfor B1-B6.
9. Føresegn 4.9 endrast slik:  
«I området BK1 skal det avsettast areal for 1,4 bilar per 100 m<sup>2</sup> BRA. Garasje inngår i utrekninga som oppstillingsplass.»
10. Føresegn 5.4 endrast slik:  
«Mønehøgde skal ikkje overstige 12,0 m over planert terreng rundt bygningen.»
11. Det vert sett føresegn som avgrensar tal leilegheiter innanfor BK1 til maksimalt 16, i tråd med planomtala.
12. Det skal ligge føre avklaring på trafikktryggleik frå Nornesfeltet til Nortun før 2. handsaming.